

PROTOKOLL - REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtestad:	Fylkesbygget, møterom Firda
Dato:	25.04.2014
Tidspunkt:	09:15 – 10:15
Sakene:	01/14 – 05/14

<p>Følgjande medlem møtte: Møteleiar: Olav Lunden, Leikanger kommune Åshild Kjelsnes, Sogn og Fjordane fylkeskommune Harald Offerdal, Balestrand kommune Olav Turvoll, Vik kommune Arild Ingar Læg Reid, Årdal kommune Petter Sortland, Høyanger kommune Jarle Aarvoll, Sogndal kommune Morten Vigdal, Luster kommune Jan Geir Solheim, Lærdal kommune</p>	<p>Følgjande medlem meldte forfall: Arnstein Menes hadde meldt forfall og Harald Offerdal møtte med fullmakt frå Balestrand kommune Ivar Kvalen hadde meldt forfall og Morten Vigdal møtte med fullmakt frå Luster kommune. Marta Finden Halset hadde meldt forfall og varamedlem Olav Turvoll møtte for Vik kommune</p>
---	--

Merknader:

Andre som møtte:

Styreleiar: Arne Hovland
 Styremedlem: Per Kjøllesdal
 Dagleg leiar: Ingvar Linde
 Representant for kontrollutvalet i fylkeskommunen: Einar Ulla
 Andre: rådmann Oddbjørn Ese frå Vik kommune
 Sekretær for møtet: Ingvar Linde

Til underskrift:

Vi stadfestar med dette at møteprotokollen er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet.

Olav Lunden (sign): *Olav Lunden*

Petter Sortland (sign): *Petter Sortland*

Arild Ingar Læg Reid (sign): *Arild Ingar Læg Reid*

SAK 01/14 OPPROP

Leiar i representantskapet, Olav Lunden, heldt opprop og konkluderte med at møtet var vedtaksført. Det var ingen merknadar til innkalling og saksliste.

SAK 02/14 VAL AV TO MEDLEM TIL Å UNDERSKRIVE MØTEPROTOKOLLEN

Petter Sortland og Arild Ingar Legereid i tillegg til leiar i representantskapet, vart valde til å underskrive møteprotokollen.

SAK 03/14 ÅRSREKNESKAP 2013

Styret si tilråding til representantskapet:

1. Representantskapet fastsett med dette SF revisjon IKS sitt årsrekneskap 2013 med resultat, balanse og noter som syner eit samla overskot på kr 1 156 688,-.
2. Overskot på kr 1 156 688,-vert tillagt selskapet sin eigenkapital.
3. Styre får fullmakt til å tilbakebetale delar av overskotet til kommunane i forhold til innbetalt honorar.

Samrøystes vedtak:

1. Representantskapet fastsett med dette SF revisjon IKS sitt årsrekneskap 2013 med resultat, balanse og noter som syner eit samla overskot på kr 1 156 688,-.
2. Overskot på kr 1 156 688,-vert tillagt selskapet sin eigenkapital.
3. Styre får fullmakt til å tilbakebetale delar av overskotet til kommunane i forhold til innbetalt honorar.
4. Revisjonsmelding frå Søreide Revisjon AS vart lagt fram på møtet og teken til etterretning.

SAK 04/14 ÅRSMELDING 2013

Styret si tilråding til representantskapet:

1. Representantskapet godkjenner med dette SF revisjon IKS si årsmelding for 2013.

Samrøystes vedtak:

1. Representantskapet godkjenner med dette SF revisjon IKS si årsmelding for 2013.

SAK 05/13 SAMANSLÅING MED INDRE HORDALAND REVISJONSDISTRIKT

Styret si tilråding til representantskapet:

Utkast til selskapsavtale blir sendt på høyring til kommunane første halvår 2014.

Representantskapet får seg førelagt endelig forslag til selskapsavtale hausten 2014 og sender den då til vedtak i kommunestyra, med tanke på oppstart 1.1.2015

Samrøystes vedtak:

Utkast til selskapsavtale blir sendt på høyring til eigarane første halvår 2014.

Representantskapet får seg førelagt endelig forslag til selskapsavtale hausten 2014 og sender den då til vedtak hjå eigarane, med tanke på oppstart 1.1.2015